

Erna Osland Victoria Sandøy (ill.)



INNHALD

3 000 000 år fvt.



Side 7: Heile familien på jakt



År 1400



År 1750



Side 47: Oppdagartid





10 000 år fvt.



i åkrar og byar



Med mor og far

Side 21:



Side 63:

Barn i fabrikkar og klasserom





HOPP!

Tenk deg at du sit i ein kano!
Bølgene er store, og du sit fremst,
du er klar til å hoppe i land.

Bak deg sit heile familien din.
Dei sit mellom alt utstyret de har med:
telt og skinnfellar til å ligge på,
krokar og harpunar til å fiske med,
økser og spyd til å jakte med.

Du kastar deg fram idet kanoen når stranda!
Før bølga får tid til å trekke han ut igjen,
tar du eit fast tak i baugen og hjelper dei andre i land.

Så står du der med familien din.
De står der og ser på graset og lyngen
som har komme opp der isen er smelta.
Her skal de bu!

Tenk deg dette!
Tenk deg at du er den første som kjem til
det som seinare blir kalla Skandinavia.

12 000 fvt.



ALLE HAR ANSVAR

Var steinalderfolket som oss?

Likte dei å ha det trygt og kose seg med god mat?

Ja, meiner dei som har forska på det,
og derfor levde steinalderfolket i grupper.
Når dei var fleire, kunne dei hjelpe kvarandre med
å finne mat, reparere hus og jage bort fiendar.
Slik fekk dei tid til å kvile og vere med venner.
Samarbeid gjorde livet tryggare.

Steinalderfolket tok ansvar for kvarandre.
Om berre éin person kunne jakte, fiske eller lage eld,
ville det bli farleg om han døydde.
Derfor kunne alle litt om alt.
Og dei lærte det tidleg. Barna var på jakt og fiske.
Tenk deg kor spennande og moro dette var!
Meir kjedeleg var det kanskje å lage reiskapar.
Dei måtte øve lenge for å lage gode økser,
skarpe knivar eller piler som kunne drepe store dyr.

Ved å lære tok barn ansvar.

Dei var med å gjere livet godt for alle.

*Å lage reiskapar av stein er ein kunst.
Å knakke kallast denne kunsten.
Steinen må slåast på ein viss måte.
Og det må øvast!
Det er funne restar etter knakkeøvingar.*

*Gode knakkarar laga like skarpe knivar
som dagens knivar i stål.
Arkeologar har funne økser, knivar,
piler og spydspissar heilt nord
i Europa som liknar på funn i sør.
Det vitnar om at steinalderfolket
samarbeidde og lærte av kvarandre.
Kunnskap var verdfullt.
Ei god øks var ein skatt,
ei god gåve til ein venn.*





10 000–4 000 fvt.



– Skund deg, gut, sauene er i åkeren!
Om mor di ber deg passe åkeren,
er du ikkje barn i steinalderen.
Du og foreldra dine er blitt bønder.

Dei første bøndene levde i Midtausten.
Her lærte dei seg å temme dyr og å dyrke
grønsaker, frukt og korn for 12 000 år sidan.

Å dyrke det same jordstykket dag ut og dag inn
er annleis enn å farte fritt rundt i naturen.
Å sanke i skogen er annleis enn å luke ugras i ein åker.
Og å jakte er annleis enn å gjete sau.
Så kvifor ville dei frie fangstfolka snu heilt om på livet?

Herodot, ein historikar som levde for 2500 år sidan,
meinte at bondelivet begynte ved elva Nilen i Egypt.
Den store og rolege elva hjelpte bøndene med både å vatne
og å gjødsle jorda, som sola varma så godt.

Ikkje alle hadde det så lett som menneska ved Nilen.
Likevel blei dei bønder, for sjølv små avlingar
gjorde det tryggare å vere bonde enn jeger.
Dyra dei jakta på kunne jo bli borte, og bære kunne andre ta.
Så trass i det faste, tunge strevet på åkrane
blei jeger- og sankarfolket bønder.

Barna gjorde som foreldra.
Dei lærte å dyrke korn, kål og urter.
Dei lærte å klippe sauer, slakte grisar og å mjølke kyr.
Dei tok vare på og utvikla kunsten å vere bønder.
Saman med foreldra sine stelte dei åkrar og dyr,
og det vaks fram nye landsbyar og byar.



BARNA I GULL-LANDA

Da dei europeiske oppdagarane kom til Amerika,
trudde dei at dei var komne til India.
Difor kalla dei menneska som budde i den nye verda for indianarar.
Sjølve kalla dei seg *mayaar*, *inkaar* og *aztekarar*.

I 1519 laga ein sjøfarar ein rapport om aztekarane.
Der står det at barna fekk vakre namn og blei høgt elska,
men også strenge straffer om dei var ulydige eller late.
Foreldra sette store krav til barna sine.
Dei skulle bli vaksne og ansvarsfulle jordarbeidarar.
Når barn hadde lært seg noko nytt, blei det fest.
Dei feira at barna var friske og flinke.
Berre nokre få barn fekk gå på skole.
Desse blei merkte med snitt i huda
så alle for alltid kunne sjå at dei skulle bli prestar.

Trua på og frykta for gudane var sterk.
Blei det tørke, var det fordi gudane straffa folk.
For å blidgjere gudane, gav aztekarane dei det kjæraste dei hadde: barn.
Desse barna måtte døy. Tenk deg kor grufullt det var!

År etter år frakta europearane metall og matvarer til Europa.
Kongane heime i Europa betalte sjøfararane for røvinga.



1300-1500

ENDELAUSE KRIGAR OG URETTFERDIG HANDEL

Støtt og stadig var det krigar i Europa.
Kongar som støtta Martin Luther,
kriga med kongar som var usamde med han.
Dei kunne ikkje bli einige om kor streng og straffande Gud var.

Soldatane kriga i over hundre år,
mange hadde barna sine med.

Da krigane endeleg var over, blei det tid
for meir fredelege syslar.
Handelen tok seg kraftig opp.

*Dei eldste
hjelper soldatane.
Dei yngste er
med mor.*

*Sjå, barna er
med mor og far
i krig!*





Handelsskipa gjekk i ein trekant,
og blei kalla trekanthandelen.
Europeiske handelsmenn selde våpen, tøy og
brennevin som dei hadde frakta til Afrika.
For betalinga kjøpte dei nye varer i Afrika.

Men varene frå Afrika var slett ikkje varer!
Det var menneske, store og små slavar.
Skipa tok slavane til Amerika, der dei blei selde.
For betalinga for slavane kjøpte handelsmennene nye varer.
Dei fylte skipa med tobakk, sukker
og kakao og segla heim til Europa.

«Den nye verda» kalla europearane landa som dei kom til.
Og det som var «nytt» kunne dei vel bruke som dei ville?
Dei tenkte ikkje på at det hadde budd folk her
minst like lenge som i Europa.

Krigane som handla om kva Gud meinte
om straff og menneskeverd, var gløymde.
No kappast europearane om varene frå den nye verda.

1550–1750

Verken steinalderfolk eller dei første bøndene
hadde maskiner som arbeidde for dei.
I tusen på tusen av år brukte barn og vaksne egne hender.
Livet med maskinene er berre ein blink i menneska
si lange historie. Men dei snudde opp ned på alt!

Maskinene trong vatn, damp, olje eller elektrisitet.
Og så lenge dei fekk det, arbeidde dei.
Men ikkje aleine, dei trong menneska – også barn.
Barn arbeidde ved maskinene med små, flittige hender.
Først etter hundre år bygde dei skolar
og sende barna inn i klasseromma.



Når livet endrar seg fort og veldig,
blir det kalla ein revolusjon.
Starten på menneska sitt liv med maskinene
blir kalla *den industrielle revolusjonen*.

Mange meiner at den industrielle revolusjonen
er den største endringa i historia,
og derfor lurar historikarane på korleis det heile begynte.
Var det handelen mellom landa som starta endringa?

Eller kom endringa i gang fordi fleire barn levde opp
og blei vaksne? Korleis fekk maskinene til slutt
barn til å bli skolebarn?

LANGT BORTE FRÅ MOR OG FAR

Dampmaskiner lagar damp
som kan få andre maskiner til å gå:
maskiner som lagar tøy eller driv båtar og tog.

Dampmaskinene gjorde maskineigarane lykkelege.
Men for mange barn blei dei ei ulykke.

For å lage damp må ein nemleg koke vatn,
og til det trong dampmaskinene kol.
Kolet måtte hentast ut frå jord og fjell.
Og dess fleire maskiner som kom i bruk,
dess meir kol måtte hentast ut.
Til slutt var det berre kol igjen langt inni fjellet,
og vegen inn blei lengre og smalare.
Somme gruvegangar var så smale
at berre barn kunne komme inn.
Dei drog med seg vogner, fylte dei opp med kol
og drog kolet ut til dampmaskinene.

I heile Europa arbeidde barn i tronge, farlege gruver.
Lungene deira blei tette av støv.
Mange drukna i underjordiske elver eller blei klemde
i hel når dei skrøpelege gruvegangane fall saman.
Aldri før hadde barn vore lenger borte frå mor og far!






1800-1830

SMÅ KROPPAR – STORT ANSVAR

Barns innsats er ein viktig del av historia.
Ved å lære og ved å arbeide har dei tatt vare på
alt som må til for at liva våre skal bli gode.

I tidlegare tider lærte barn mens dei arbeidde.
I dag lærer dei aller fleste barn ved å gå på skole.
Å gå på skole er blitt det nye arbeidet deira!



Men i ein del land jobbar barn framleis tungt.
Dei kan ikkje slutte å arbeide.
Dei må skaffe mat til mindre søsken og sjuke foreldre.
Barneorganisasjonar jobbar med å gi desse barna tilbod
om eit mindre slitsamt arbeid tilpassa skoletid – så også
dei kan få seg ei betre framtid.

Organisasjonar som hjelper barna:
FN, Redd Barna, Røde Kors og mange fleire
jobbar for å gjere ende på skadeleg barnearbeid.
Dei bytter ut arbeid med skole.

I Kongo arbeider mange barn i mørke og tronge gruver.

*På Filippinane leitar barn etter gull. Mange blir firte
25 meter under jorda.*

I Thailand gjeter barna gjæser.

I India passar barna kyr.

I Peru gjeter barna sauer, grisar og geiter.

I Afghanistan er barna vassberarar.

I Zimbabwe er det jentene som hentar vatn og ved.

I Vest-Afrika passar barn mindre barn.

I heile Asia syr barn klede og vev tepper.

*I Mexico reiser heile familiar frå gard til gard for
å plukke frukt.*

Utgitt med støtte frå Norsk kulturråd.
Forfattaren har mottatt støtte frå
Det faglitterære fond (NFFO).

Grafisk design: Silje Nes

Font: ABC Otto, ABC Laica Mono, Mabry
Papir: 140g Maestro Print, FSC
Trykk og innbinding: Balto Print

© SKALD 2025

www.skald.no

ISBN 978-82-7959-372-0





Tenk deg at du levde i ei heilt anna tid!
Du gjekk på jakt med kniv og øks.
Du reiste på store oppdagarferder
med familien din.
Eller du blei heist opp i ei trong pipe for
å gjere livsfarleg feiearbeid?

Les om barn og korleis dei levde, leika
og lærte gjennom tusenvis av år.
Og kvifor dei bytta ut jakt med skole.

Denne boka handlar om deg – og om
alle barn som har vore med og skapt
verdshistorie!



ISBN 978-82-7959-372-0